

Ungdomsrådet sine midlar for barn og ungdom

Retningslinjer for utdeling av tilskotsmidlar

Ungdomsrådet sine midlar for barn og ungdom er ein enkel måte å søke om økonomisk støtte til investering, aktivitet eller arrangement. Dette skal bidra til å betre oppvekstmiljøet for barn og ungdom i Sunnfjord kommune.

1. Sunnfjord ungdomsråd står fritt til å velje kva formål pengane skal gå til. Kvar søknad blir gjennomgått og vurdert av rådet. Rådet har også mulegheit til å dele summen på fleire søknader.
2. Privatpersonar, grupper og lag/organisasjonar kan søke om midlane. Fleire kan gå saman om ein søknad dersom det er ønskeleg.
3. Barn og ungdom skal vere aktivt med i planlegginga og gjennomføringa av tiltaket, prosjektet eller aktiviteten.
4. Pengane skal gå til investeringar eller tiltak for barn og ungdom mellom 6 og 20 år, eller opne rusfrie enkeltarrangement utanom skuletida. Tiltaket skal vere tilgjengeleg for barn og ungdom i kommunen.
5. Midlane blir brukt til mindre eingongsinvesteringar, ikkje til generell drift. Tiltaket skal ikkje medføre kommunale driftskostnader.
6. Søknaden må innehalde ei skildring av tiltaket, når det skal vere gjennomført, kostnadsoverslag, og vere i samsvar med søknadsskjema på kommunen si heimeside. Søknaden må nemne ein juridisk ansvarleg kontaktperson over 18 år.
7. Støttetottakar forpliktar seg til å:
 - bruke tilskotsmidlane innan 1 år
 - sende ein kort rapport og rekneskap til ungdomsrådet innan 3 månadar etter at tilskotsmidlane er brukt opp
 - informere om støtte frå Sunnfjord ungdomsråd sine midlar i marknadsføring og saker om tiltak/arrangement
8. Utdelinga skjer to gongar i året, i mai og i november. Søknadsfrist og søknadsskjema blir annonsert på Sunnfjord kommune si heimeside.

